

ORDENSREGLEMENT FOR STUDENTAR VED BERGEN ARKITEKT SKOLE (Vedtatt av Styret . .2002)

Reglementet gjeld for alle studentar som er registrert ved Bergen Arkitekt Skole (BAS) og for dei personar som desse måtte ta med seg inn i skulen sine lokalar.

Studentane skal vise respekt for og ta vare på det utstyr og studiemateriell som vert stilt til disposisjon frå BAS, så som verktøy og anna teknisk utstyr, bøker/tidsskrift frå biblioteket, møblar/inventar m.m. Skulen ved vaktmeister eller administrasjon skal varslast snarast råd dersom noko vert øydelagt eller borte.

Studentane pliktar å delta på dei opplæringstilbod som vert gitt for bruk av utstyr etc. og å følgje instruksar og bruksanvising gitt ved oppslag eller av ansvarshavande.

Det skal kvitterast for nøklar eller utstyr som vert lånt frå administrasjonen. Alt lånt utstyr skal leverast tilbake til adm. i hht. avtale og utan unødig opphald.

I særlege tilfelle, t.d. ved grov aktløyse kan studentar verte erstatningsansvarleg for gjenstandar som vert øydelagt eller stole. Adm. har høve til å krevje studentar for eit gebyr ved for sein tilbakelevering av utstyr eller bøker.

BAS har ikkje noko ansvar for private gjenstandar som studentar oppbevarar i skulen sine lokale. Skulen har ingen forsikringsordning for erstatning av tapte eller øydelagde gjenstandar. Heller ikkje for studentarbeid og liknande som vert øydelagt eller skada.

Lærarråd har avgjort at skulen sitt uteområde skal nyttast til undervisning. Det tyder at det ikkje er høve til å parkere bilar her. Dei tilsette har nokre få plassar til disposisjon utanfor porten. Feilparkerte bilar kan tauast bort utan varsel på eigars rekning og risiko.

Studentar som har betalt semesteravgift, vil mot innbetaling av depositum få tildelt nøkkel til hovudport. Studentbeviset fungerer og som nøkkelkort. Kan fåast ved å kontakte adm.

Port og inngangsdør skal haldast låst etter kl 16.00.

Studentar som oppheld seg i skulen sine lokale utanom ordinær opningstid, pliktar på sjå til at dørar og vindauge er stengt og at lys og elektriske maskinar er slått av når dei går frå skulen.

Studentar må kunne vise fram gyldig studiekort til vaktpersonell på kontrollrunde.

Studentar har ansvar for å halde sin eigen arbeidsplass ryddig og er medansvarleg for at fellesareal er i rimeleg orden.

Det er ikkje lovleg å røyke inne i skulen sine lokale.

Studentane må sjølv ta vare på sine oppgåver, modellar og liknande. Lagring av arbeid/modellar berre på skulen sitt lager eller etter skriftleg avtale med vaktmeister/adm. Gjenstandar plassert andre stader vert kasta utan varsel. Skulen har ikkje ansvar for lagra arbeid.

Studentane skal sørge for at vaskepersonalet kan gjøre jobben sin. Dette inneber m.a. rydding av golvflater før vask i hht. oppslag.

Studentane er pliktig til å gjøre seg kjent med skulen sin branninstruks og delta i årlege brannøvingar.

Det er forbode å tømme maling eller kjemikaliar i vask eller toalett.

Det er forbode å spikre eller bore i golv eller vegger utan etter klarering med vaktmeister.

Det er forbode å blokkere branndør eller brannpassasje, samt å dekke til varselskilt.

Det er forbode å opphalde seg/arbeide på rom reservert til lager.